

200904486 - 94  
201202273 - 61

312  
KU / I. Haug

Til NVE

Høyringsuttale om kraftutbygging i Jølstra, Sogn og Fjordane

Høyring av søknader med konsekvensutgreiing for kraftutbygging i Jølstra.

NVE`s ref: NVE 200904486-75, 201202273-47

Frå

Ronny Nymark Johannessen

12.09.14

Hjellbrekke

6847 Vassenden

Som innleiing til min uttale vil eg vise til det kommunestyremøte som vart held i Jølster kommune tysdag 09.09.14 der saken om utbygging av kraftverk i Jølstra var oppe til handsaming. Kommunestyre vedtok med knappast muleg fleirtal (7 mot utbygging, 8 for SE sin søknad og 9 for delt løysing) eit ynskje om at NVE går inn og tek styring på ein måte der dei to søkerane vert sterkt oppmoda om å samarbeide om felles utbygging.

Mitt svar og mi oppfatning av saken:

Vedtaket i Jølster kommune er klassisk ansvarsfråskrivelse. Politikarane tør ikkje gjere seg upopulære og kjem opp med eit forslag som liksom skal ta hensyn til alle parter. Grunneigarane prøvde i starten av prosjektet, juni 2011, å få til eit samarbeid med Sunnfjord energi. Det første ikkje fram.

Grunneigarane fekk så eit betre tilbod frå ein annan utbygger – Fjellkraft no Nordkraft (marknadskrefter og konkurranse kalles det) Så har dei to utbyggarane prøvd i ettertid å kome til einighet. Dette forsøket stranda også rimelig grundig. Korleis kan man da tro at no skal dei kome til einighet og det med tvang? Utopi. All psykologi og forskning på samarbeid viser at det ikkje vert godt samarbeid ved tvang, det må vere gjensidig indre motivasjon.

Subjektivt vil eg påstå at det verkar ikkje som Sunnfjord energi er interessert i å møtekommen grunneigarane og deira forhandlingspartner i det heile tatt. Dei spelar på størrelse og at kommunen også er medeigar i SE. Tidlegare har m.a. rådmann i Jølster uttalt at det er viktig med lokalforankring. Kva er meir lokalt enn dei 37 grunneigarane? At utbygger eventuelt har kontor utafor fylket er irrelevant.

mvh

Ronny Nymark Johannessen

Hjellbrekke

6847 Vassenden

Ronny Nymark Johannessen